



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.04.2022

Vår ref.: 202110899-2 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om uttak av vatn og regulering av Storavatnet til landbasert oppdrett, Askøy kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå MOWI ASA avd. Tveitavåg, datert 16.06.2021, om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet på Askøy til landbasert oppdrett. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Bergens Tidende og Askøyværingen. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Svein Ådland på tlf. 45394789 eller e-post: svein.adland@mowi.com.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202110899 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **09.06.2022**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

MOWI ASA planlegg å utvide produksjonen i stamfiskanlegget sitt i Tveitevågen i Askøy kommune, frå 150 tonn (MTB) til 250 tonn (MTB). Det vert søkt om løyve til uttak av vatn frå Storavatnet (nr. 26.591) på inntil 8 m³/min. Det vert også søkt om regulering av Storavatnet mellom HRV 14,0 moh. og LRV 12,0 moh. Det skal ikkje sleppast

minstevassføring frå dammen utover lekkasjar i dammen på 1-2 l/s. Utviding av mengda stamfisk ved anlegget vil basere seg på resirkuleringsteknologi med kring 92 % gjenbruk av vatn. Planlagt uttak av vatn vil derfor ikkje overstige historisk uttak av vatn. Alle fysiske inngrep som dam, røyrgate og veg er allereie etablert. NVE skal behandle regulering, vassuttak og røyrgate fram til anlegget.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Vedlegg:

Mottakarliste:

ASKØY KOMMUNE
Norges Miljøvernforbund
Askøy turlag
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Rådgivende Biologer AS
MOWI ASA - Svein Ådland

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve etter vassressurslova § 8 i saker som gjeld vassdragstiltak, unntatt mini- og mikrokraftverk og kraftverk over 10 MW. Denne orienteringa gjeld vassdragstiltak som ikkje er energianlegg eller er omfatta av *"Forskrift om konsekvensutredninger"*.

NVE si handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE tek i mot og handsamar søknader om løyve til vassdragstiltak etter vassressurslov § 8. Høyring skjer etter reglane i vassressurslova § 24.

Søknaden vert sendt på høyring og leggjast ut til offentleg gjennomsyn i kommunen. Den vert òg lagt ut på

www.nve.no/konsesjonssaker.

Utlekkinga vert kunngjort i minst ei avis i distriktet.

Høyringsfråsegn sendast inn **elektronisk** via saka si side på internett, per **post** til Norges vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, eller med **e-post** til uttalelse@nve.no.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner, før NVE gjennomfører synfaring i området. Alle som har gitt fråsegn vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang. Vedtak blir alltid grunngjeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26.

Vilkåra kan omfatte byggjefristar, særlege omsyn som må tas ved gjennomføring av tiltaket (avbøtande tiltak), naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten. Moglegheit for å klage på vedtaket er avgrensa til dei som har klagerett.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei planane som føreligg. Vi ønskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.



NVE forventar at **kommunen** omtaler tilhøve knytt til kommuneplanen og andre kommunale planar. Vi ber kommunen om å informere om kjente allmenne interesser (f.eks. landskap, friluftsliv, vassuttak, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

Statsforvaltaren bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

Fylkeskommunen bør leggje vekt på forvaltningsplanar, kulturminne og friluftsliv som er særleg ansvarsområde for fylkeskommunen.

Vi syner til våre nettsider for meir informasjon:

www.nve.no/konsesjoner.



- KUNNGJERING -

MOWI ASA avd. Tveitavåg – Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Askøy kommune

NVE har motteke søknad frå MOWI ASA avd. Tveitavåg om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Askøy kommune til landbasert oppdrett. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine internettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Svein Ådland på tlf. 45394789 eller e-post: svein.adland@mowi.com.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202110899 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er innan **09.06.2022**.